

# Kulturlandskapsenteret i Telemark AS



Ole Sigbjørn Bratsberg stablar spon. Foto: Arnt Magne Haugen.

## Årsrapport 2008

## **1. Styret**

Styret i Kulturlandskapssenteret var i fyrste del av 2008: Olav Tho (leiar), Lars Bjaadal, Ann Norderhaug, Tor Gunnar Austjord og Ruth Gunlaug Haug. Vararepresentantar var Inger-Lise Skarstein og Gunhild Geirsta. Generalforsamling blei halden 21.05.08. Lars Bjaadal og Tor Gunnar Austjord tok ikkje attval. Tarjei Gjelstad og Torunn Raftevold Rue blei valt inn som nye styremedlemmer, Tarjei Gjelstad som nestleiar. Styret har hatt 5 møte.

## **2. Tilsette**

Ingvill Marit Buen Garnås har hatt 80 % stilling, men gjekk ut i fødselspermisjon frå 03.07.08. Ho tok til att i 20 % stilling frå 05.09.08.

Karoline Slethei Wåsjo Hartviksen har hatt engasjement på 40 % frå 05.05.08. Ho har hatt konkrete oppdrag med leing av pilot i Beiteprosjektet i Sauland – Tuddal, utarbeiding av skjøtselsplan for ”Utvalde kulturlandskap” på Jomfruland – Stråholmen, samt medverking på lauvingskurs.

Kulturlandskapssenteret har elles leigd inn lokale fagpersonar innan bygningsvern, Arnt Magne Haugen og Tore Gunnar Bratsberg på oppdragsbasis.

## **3. Aktivitetar**

### ***3.1 Prosjekt Kulturlandskap og Slåttefestivalen***

Norsk Kulturarv fekk i 2006 støtte frå Landbruks- og matdepartementet til ”Prosjekt Kulturlandskap”. Dagleg leiar i Norsk Kulturarv, Dag Lindvig, sat i Kulturlandskapssenterets styre da søknaden blei sendt. Ein føresetnad for støtta var eit samarbeid med Kulturlandskapssenteret og Slåttefestivalen om å auke fokuset på kulturlandskap.

Bruken av midlane blei for Kulturlandskapssenteret sin del fordelt over tre år i perioden 2006-2008. Kulturlandskapssenteret si rolle i høve Slåttefestivalen er å utvikle faglege tilbod som kan supplere tevlingane og arrangementet forøvrig. Slåttefestivalen har på si side fått støtte til å utvikle festivalen som arrangement, m.a. gjennom å etablere det fyrste offisielle NM i ljåslått.

Kulturlandskapssenterets bidrag under Slåttefestivalen i 2008 var eit fagseminar om artsrike slåtteenger og vegkantar halde på Lien Fjellgard i Svartdal festivalfredagen, temautstilling om slåtteenga i samarbeid med Bioforsk (ferdig i 2007), ein kulturlandskapssti for små og store, samt gratis kortkurs i oppsett og bruk av ljå ved Bent Nilsen. Som ein opptakt til Slåttefestivalen arrangerte senteret også ein ”Aksjon fjern lupin” i samarbeid med skulen i bygda, med fine oppslag i lokalavisene.

Fagseminaret samla aktørar frå lokal landbruksforvaltning og teknisk etat, vegvesen, forskar- og gardbrukarhald. Seminaret var tverrfagleg og lærerikt for dei frammøtte, men trakk diverre få deltakarar utover dei medverkande. Ut i frå attendemeldingar frå landbrukskontora, er det nok framleis slik at ein truleg må pakke smale tema som desse inn i større fagpakker for at målgruppene skal finne det matnyttig og ikkje for ”sært”.

I tillegg til messeveggen med temautstilling om slåtteeing, hadde senteret i år ei kulturlandskapsløype med 7 postar med ulike tema innanfor kulturlandskap, spørsmål og premiering, sponsa av TINE. Postane var enkle, hadde stram design og passe mengde informasjon til at det var overkomeleg i samanhengen og interessant for både ungar og vaksne. Dette fekk me mange fine attendemeldingar på.

Slåttekurset fekk i år ei god form, med to kurstider og fleire ”drop ins” i løpet av dagen. Plasseringa ved slipesteinen inviterte til samtale mellom generasjonar.

### **3.2 Prosjekt Kulturlandskap og [www.kulturlandskap.net](http://www.kulturlandskap.net)**

Vidareutvikling av nettsida [www.kulturlandskap.net](http://www.kulturlandskap.net) er òg ein del av ”Prosjekt Kulturlandskap” og samarbeidet med Norsk Kulturarv. Norsk Kulturarv overtok i si tid sida av Fylkesmannen i Telemark, medan det enno var uvisst om Kulturlandskapsenteret ville bli realisert. Det var Ole Per Schei, dagleg leiar for Kulturlandskapsprosjektet i Hjartdal (1999-2002) og seinare tilsett hjå Fylkesmannen, som utvikla sida.

Kulturlandskapsenteret har i år levert grunnlaget for overordna disposisjon og systematisering av lenkjer, samt skrive dei innleiande fagartiklane på sida. Norsk Kulturarv har det overordna redaktøransvaret, og står også for den tekniske tilrettelegginga og kommunikasjon mot Intellicom.

Sida blei relansert på den internasjonale biomangfalddagen 22.05.08.

### **3.3 Kurs og undervising**

#### **Kurs i utvendig restaurering av eldre trehus.**

På våren gjennomførte me eit kurs i utvendig restaurering av eldre trehus, med Jon Bojer Godal, Aadne G. Sollid, Arnt Magne Haugen og Tore Gunnar Bratsberg. Telemark fylkeskommune v. Eystein Andersen og Fylkesmannen v. Karl Erik Gonsholt var også med. Kurset hadde særskild god påmelding, og traff landbruksforvaltinga som målgruppe, i tillegg nokre handverkarar. Totalt 22 deltakarar frå Telemark, Agder, Buskerud og Vestfold, i tillegg til 7 medverkande. Me fekk berre gode attendemeldingar på evalueringsskjema. Kurset var støtta av Fylkesmannen i Telemark, og utvikla i samarbeid med Arnt Magne Haugen og Tore Gunnar Bratsberg.

**Temadag om urterike slåtteeinger og vegkantar** Sjå 3.1. Slåttefestivalen

#### **Kurs i restaurering av steingardar**

Kurset var ferdig planlagt til fyrste helga i juni, men blei utsett pga. for lite stønad i botn. Instruksjon over tre dagar er kostbart, og kurset kan berre ta maks 10 stk. Dette medfører at ein må ha ein del stønad for å få det til å gå rundt. Det var 7 interesserte. Me prøvar seinare.

#### **Temadag om lauving**

I august gjennomførte me temadag om lauving, med teori ved Kulturlandskapsenteret og praktisk kursing på Myljom-To. Temadagen trakk 9 deltakarar frå Oslo i aust til Åmli i vest.

### **3.4 Diverse kulturelle aktiviteter**

#### **Songar i kulturlandskapet – Opplegg for bornehagane i Hjartdal**

Mykje av songarven vår er knytt til det gamle jordbruket, og såleis kan ein nytte songane som innfallsvinkel når ein skal lære ungar litt om landskapet vårt og kvifor det enno ser ut slik det gjer i dag. Slåtteeenga, Jomfru Maria og lækjande urter var hovudtema våren 2008. Det var fire økter i kvar av dei tre bornehagane i Hjartdal kommune. Gjevande for små og store!

#### **Kvedarkurs i Hjartdal**

Hjartdal har vore vitja av mange folkeminne- og folkemusikksamlarar, som M. B. Landstad (1802-1880) og L. M. Lindeman (1812-1887). Det er vidare eit rikt tilfang å ause av. Soger og segner, både i sjølve materialet og knytt til kjeldene, er ofte kopla til gamle levesett og lokal ”kultur i landskapet”. Kulturlandskapssenteret hadde kvedarkurs over 5 kveldar med 11 deltakarar, frå aust og vest.

#### **Hjartdølar på Kongsbergmarken**

Mange kjempekarar frå Hjartdal har gjort seg gjeldande på Kongsbergmarken i farne tider... Ingvill blei beden om å koma og syngje visene om dei, og det gjorde ho!

#### **Jørund Telnes-samling i Seljord**

Jørund Telnes (1845-1892) sine viser er gode eksempel på diktning med tett knytning mot kulturlandskap. Ingvill blei engasjert av familien Telnes til å halde kurs.

#### **Olea Crøger-dag på Prestegarden og i Stavkyrkja i Heddal – Opplegg for skulane**

Olea Crøger (1801-1855) var prestedotter, pioner blant folkeminne- og folkemusikksamlarane og gardbrukar! Prosjektet ”Kulturstigen” ved Heddal Stavkyrkje engasjerte oss til å snakke og syngje om henne på ein open dag for skulane i Heddal.

#### **Lindeman-seminar i Oslo – Oppdrag frå Norsk Kvedarforum**

Temaet for seminaret var Lindeman og generasjonsperspektivet. Ingvill var beden om å snakke om L.M. Lindemans møte med Hjartdalsbygdene, m.a. hennar eigen tipp-tipp oldefar i Tuddal og prestefamilien Finckenhagen i Hjartdal.

### **3.5 Guiding og fagturar**

Det har berre vore to fagturar med omvisning i Hjartdal i år; Kvitsund Vidaregåande Skule og Notodden kommune i samband med Latvia-besøk. Dette er eit tilbod som fungerer godt i praksis, og som bør marknadsførast betre. Det er mogleg det tek litt tid før målgruppene responderer. I seinare tid har mellom anna Høgskulen i Telemark meldt si interesse.

### **3.6 Villblomanes dag**

Sundagen etter Slåttefestivalen fall også i år på Villblomanes dag, det landsdekkjande tiltaket i regi av Norsk Botanisk Foreining. Me samarbeidde i år med Telemark Botaniske Foreining om ei markvandring med fokus på slåtteenger i Svartdal. Ingrid Wangensteen, Astrid Espeli og Bjørg Minnesjord Solheim var lokalt vertskap. Kulturlandskapssenteret stod for informasjon og underhaldning, og utstillinga om slåtteeng var med. Arrangementet var godt besøkt.

### **3.7 Føredrag**

Kulturlandskapssenteret har vore innleigd til å halde faglege føredrag for Telemark Sau og Geit/Årsmøtet og for Beiteprosjektet i Telemark og Agder/Fagsamling. Det kunne gjerne vore fleire førespurnader av dette slaget, men det vil truleg koma meir med tida. Små fag- og interesselag har elles ikkje noko budsjett å snakke om når det kjem til honorar. Det kan kanskje jobbast med å få på plass ei finansiering av tilbod til desse gruppene.

### **3.8 Konsulenttenester**

#### **Rydding av vegkantar**

Kulturlandskapssenteret har i år vore involvert i to større ryddeprosjekt: ”Ryddetiltak langs vegar i Hjartdal” og ”Innsyn i landskap langs vegar i Tuddal”. I Hjartdal er det laga ein statusrapport for ryddetiltak så langt, samt ein plan for eit fellestiltak på rydding av nye strekningar på SMIL-midlar, samt rydding langs FV til Opsal og E 134. I Tuddal er det laga ein SMIL-plan for møtestad Sudbygde, samt plan for rydding langs FV 651 frå Sauland til Tuddal Sentrum. Kommunen skal fylgje opp søknader til Statens vegvesen, Telemark fylkeskommune m.fl. om rydding langs E 134 og FV 651.

#### **Beiteprosjektet i Hjartdal (Sauland – Tuddal)**

Beiteprosjektet i Telemark og Agder har ein pilot i Sauland med forgreiningar til Tuddal. Kulturlandskapssenteret er leigd inn av Hjartdal kommune på engasjement til å koordinere og drive prosjektet framover. Det er arbeidd med utveljing av område, drøfting med involverte grunneigarar, samt utarbeidd konkrete planar som grunnlag for søknader om tiltak. Karoline har hatt hand om dette engasjementet.

#### **Utvalde kulturlandskap: Jomfuland – Stråholmen**

Fylkesmannen i Telemark engasjerte Kulturlandskapssenteret til å gjera registreringar av kulturmark og utarbeide framlegg til skjøtsel for område plukka ut som fyrste kandidat til ”Utvalde kulturlandskap”. Karoline har stått for dette.

#### **SMIL-søknader / småtenester**

Det er utarbeidd 2 ryddeplanar/SMIL-søknader for einskilde gardbrukarar, og 1 skjøtelsplan/SMIL-søknad for eit mindre fellestiltak. Alle tre i Hjartdal Nordbygd. Det er også føreteke dendrokronologisk datering av hus på Mjonøy i Vinje.

#### **Bistand Slåttefestivalen**

Slåttefestivalen har kjøpt tenester når det gjeld utarbeiding av PR-materiell, hjelp med brevskrivning, administrering og nettverksbygging. Det kan bli aktuelt å utvide dette samarbeidet på nokre felt.

#### **Førespurnader**

Gjennom året har Kulturlandskapssenteret svart på ei rekkje faglege spørsmål via telefon, e-post ol. Det meste av dette har vore små tenester der ein ikkje kan ta betalt, men som likevel tek litt tid å handtere.

### **3.9 Div. møteverksemd**

I tillegg til styremøte har det vore avhalde fleire arbeidsmøte med Slåttefestivalen og prosjekta me har arbeidd med i Hjartdal, Tuddal og Sauland.

Den 27.10.08 reiste styreleiar og dagleg leiar i lag med Slåttefestivalens styreleiar og programsjef oppover til **Norsk Kulturarv** i Vågå for å drøfte vidare samarbeid i "Prosjekt Kulturlandskap". Dette var eit viktig og fruktbart møte, som la grunnlaget for avtaler om vidareføring av samarbeidet for tre nye år.

### **3.10 Nordisk samarbeid**

Kulturlandskapssenteret har knytt kontakt med Nordisk Kulturlandskapsforbund, gjennom at dagleg leiar er valt inn i styret og har ansvaret for deira heimesider [www.n-kf.org](http://www.n-kf.org).

Det kan kanskje bli aktuelt å arrangere årsmøte i Hjartdal - Svartdal med tid og stunder.

## **4. Marknadsføring**

### **4.1 Internettside**

Sida har vore jamleg oppdatert gjennom 2008. Det er kome mange gode attendemeldingar på at me har ei fin og delikat internettside. Systemet frå Intellicom er enkelt å handtere, og gjer redigeringsjobben lett.

### **4.2 PR-materiell og distribusjon**

PR-materiell blir stadig justert og oppdatert. Brosjyrer, flygarar og plakatar blir skrivne ut frå skrivar på Bygdesentralen. Kvaliteten er OK. Dette gjer det mogleg å redigere eige PR-materiell på ein enkel og rimeleg måte. Alle kurstilbod får faldarar som blir masseutsendt i tillegg til info via e-post og internett. Hovudmålgruppene er offentleg forvaltning og faglag i Telemark, Buskerud, Vestfold og Agderfylka. Det har elles vore lite omreisande PR-verksemd i 2008, da dette var vektlagt i 2007.

### **4.3 Dyrsku'n**

Av naturlege årsaker var det vanskeleg å stille på Dyrsku'n i år, jf. fødselspermisjon. Skal Kulturlandskapssenteret stille på Dyrsku'n bør det ev. vera i form av ei utstilling eller eit aktivitetssopplegg, ikkje som anonym gjest på andres stand. Det er elles ikkje høve for oss å stille aleine på Bondens møteplass. Ein ordinær stand må ev. vurderast nøye. Truleg ville det koste meir enn det ville kaste av seg.

### **4.4 Media**

Det er viktig å porsjonere ut informasjon knytt til konkrete tilstellingar og tilbod, slik at me stadig har ein aktualitetsverdi. Aktuelle oppslag i år er bornehageopplegget med songar frå kulturlandskapet, demonstrering av sponhøvling med hest i samband med kurset i restaurering av trehus, lansering av [www.kulturlandskap.net](http://www.kulturlandskap.net) på biomangfalddagen, "Aksjon plukk lupin", møte med Norsk Kulturarv og avtale om forlenging av "Prosjekt Kulturlandskap".

## **5. Søknadsarbeid**

Norsk Kulturarv fekk i 2007 tilsegn frå Landbruks- og matdepartementet om støtte til vidareføring av Prosjekt Kulturlandskap i eit treårig perspektiv. Frå forsommaren og ut året blei det arbeidd med å få på plass avtaler om forlenging av samarbeidet mellom Norsk Kulturarv, Kulturlandskapsenteret og Slåttefestivalen. Resultatet av forhandlingane blei at alle aktørane deltar i vidareføringa. Kulturlandskapsenteret er tilgodesett med 120.000 kr pr. år i tre år 2008-2011, jf. avtale som låg føre til årsskiftet.

Me søkte **Sparebankstiftelsen** om støtte til "Aksjon ut i mark og eng", eit regionalt pedagogisk tilbod i samarbeid med Fylkesmannen og Slåttefestivalen. Me fekk avslag, men har kanalisert idéen inn i delprosjekt under Prosjekt Kulturlandskap.

Det er elles søkt om støtte til eit **nytt slåtteengprosjekt i Hjartdal og Svartdal**. Hjartdal kommune og Seljord kommune gav tilsegn om osv. 50.000 kr og 25.000 kr til å oppdatere og komplettere tidlegare registreringar, mobilisere og ev. opprette eit samarbeidsorgan som kan sikre skjøtsel og engasjement for slåtteengene på lengre sikt.

## **6. Vurderingar og utfordringar**

Ein detaljert handlingsplan høyrer ikkje heime i ein årsrapport, men det kan kort oppsummerast at det er tidkrevjande og kostbart å bygge opp ei kompetanseverksemd frå grunnen av. Det er stadig viktig å marknadsføre senteret og tenestene det kan utføre. Men snoballen ser ut til å ha byrja å rulle.

Dei fyrste åra har vist at det *er* stor trong for eit senter som kan samle og spreie ulike kunnskarar knytt til kulturlandskap. Men dette samsvarar ikkje alltid med *betalingsvilje*. Ein del av denne formidlingsverksemda burde såleis vera statlege og/eller regionale oppgåver. Me treng vidare å få på plass nokre fleire større og meir langsiktige prosjekt, ev. *partnarskapsavtaler*. Dette vil gjeva større tryggleik i verksemda, og vil samstundes auke sjansane for at me kan tene den lokale/regionale marknaden på det nivået etterspurnaden ligg - og etter kvart kan utvikle seg til.

---